



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 55 57 23 69

Vår dato
01.12.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/15392
Dykkar referanse

Austrheim kommune
Fedje kommune
Lindås kommune
Masfjorden kommune
Meland kommune
Modalen kommune
Osterøy kommune
Radøy kommune
Vaksdal kommune

Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i 2017

Jamfør Instruks for Fylkesmannen og Sysselmannen på Svalbards arbeid med samfunnssikkerhet, beredskap og krisehåndtering av 19. juni 2015, skal Fylkesmannen med heimel i gjeldande lov- og forskriftsverk m.a. føre tilsyn med fylkeskommunen og kommunane. Tilsyn er ein kontroll av om kommunane tilfredsstillar lovpålagde krav.

Fylkesmannen i Hordaland starta 5. tilsynsrunde med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane i Hordaland i januar 2016. Kvar runde tek fire år, og denne gongen har Fylkesmannen vald ei ny geografisk inndeling for å støtte opp om regionalt samarbeid. Dette medfører at nokre av kommunane kan få tilsyn 2-5 år etter siste gong dei hadde tilsyn.

I 2017 står følgjande kommunar i Nordhordland for tur:

- Austrheim kommune
- Fedje kommune
- Lindås kommune
- Masfjorden kommune
- Meland kommune
- Modalen kommune
- Osterøy kommune
- Radøy kommune
- Vaksdal kommune

Når det gjeld krav til kommunane på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet viser Fylkesmannen særskilt til:

- Lov av 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret
- Forskrift av 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt
- Lov av 16. desember 2011 om næringsberedskap (Næringsberedskapsloven) § 12

Vi har tidlegare sendt ut ei sjekklista for tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap, og legg den ved dette brevet òg. Vi oppmodar kommunen til å ha denne i mente når den skal sende over grunnlagsdokumenta slik at Fylkesmannen mottok dei underlaga som er relevante for tilsynet.

Tematisk vil vi i denne runden sette eit særskilt søkelys på konsekvensar av uønskte hendingar ved storulykkebedrifter, samt samfunnsviktige funksjonar og kritisk infrastruktur:

- Kraftforsyning
- IKT
- Vatn og ernæring
- Leiging og informasjon

Dei underlaga vi samlar inn frå kommunane gjennom tilsyn vil m.a. kunne bli samanstilte og presenterte i framtidige risikobilete for Hordaland. Når kommunane sender inn dokumentasjon og fyller ut "Statuskartlegging", er det viktig at den òg førebur utfyllande svar på dette.

Med verknad frå 2016 har Fylkesmannen lagt opp til følgjande prosess:

1. **Dokumentasjon**

Seinast innan seks veker før tilsynsdagen ber vi kommunen sende oss følgjande dokumentasjon per e-post:

- Heilskapleg ROS-analyse
- Overordna krise-/beredskapsplan
- **Relevante** utdrag av kommuneplanen (planstrategi, samfunnsdel og arealdel)
- **Relevante** utdrag frå siste utgåve av kommunens styringsdokumentasjon (organisasjonskart, handlingsprogram, årsplanar, budsjett, årsmelding m.m.)
- Anna relevant dokumentasjon
- Vedlagde «Statuskartleggings skjema» (Excel-ark) ferdig utfylt

Vi ber om at kommunen sender inn sine forslag til deltakarar i tilsynet saman med dokumentasjonen.

2. **Førebuande telefonkonferanse med Fylkesmannen i Hordaland**

Om lag ein månad før sjølve tilsynet vert kommunen, normalt representert ved den kommunale beredskapskontakten og/eller rådmann, invitert til ein førebuande telefonkonferanse med Fylkesmannen.

I den førebuande samtalen vil vi avtale nærare detaljar for gjennomføring av tilsyn og eventuell dialog/synfaring dagen etter tilsynet, mellom anna stad, tidspunkt og deltakarar, samt sikre at Fylkesmannen har siste utgåve av den dokumentasjonen som skal leggjast til grunn i tilsynet.

Etter den førebuande samtalen vil tilsynsgruppa hjå Fylkesmannen gå gjennom dokumentasjonen og førebu sjølve tilsynsdagen.

3. **Tilsynsdagen**

Tilsynsdagen tek til med eit opningsmøte der vi går gjennom forventningar til samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen, samt gjer greie for tilsynsopplegget. Deretter vert det gjennomført individuelle samtalar etter avtalt timeplan, normalt innafor normal arbeidstid. Vi forventar som eit minimum at ordførar, rådmann, aktuelle kommunalsjefar og beredskapskontakt deltek i tilsynet frå kommunen si side. I tillegg er det ein føremon om andre aktuelle personar i kriseleinga deltek på oppstartmøtet, t.d. kommuneoverlege og brannsjef.

Kommunens representantar må vere budd på å presentere kommunens arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, og gjere greie for mellom anna oppbygging og struktur i arbeidet, t.d. om organisering, strategiar, målstyring (sjå sjekklista).

4. **Dialog/synfaring**

Den påfølgjande dagen kan, om ynskjeleg for kommunen, nyttast til dialog og synfaring. Føremålet vil då vere å sjå på risikotilhøve, sårbare objekt, risikoobjekt, naturgjeve risiko med meir. Kommunen må gjerne kome med framlegg til tema det er ønskjeleg å diskutere. Vi understrekar at denne dagen ikkje er ein del av tilsynet, men når vi først vitjar kommunen ser vi det som føremålstenleg for både partar å setje av tid til ein slik dag. Normalt ber vi kommunen setje opp program for denne dagen og sende det til oss seinast ei veke før tilsynet.

Førebels plan for gjennomføring av tilsyna:

Kommune	Sist tilsyn	Dokumentasjon frist 6 veker før	Tilsyn 2017	Sluttmøte 2017 3 veker etter
Meland	2012	05.01.2017 ¹	17.01.2017	07.02.2017
Lindås	2012	05.01.2017 ¹	31.01.2017	21.02.2017
Radøy	2014	05.01.2017 ¹	14.02.2017	07.03.2017
Austrheim	2013	17.01.2017	28.02.2017	21.03.2017
Osterøy	2013	31.01.2017	14.03.2017	04.04.2017
Masfjorden	2015	14.02.2017	28.03.2017	18.04.2017
Vaksdal	2013	21.02.2017	04.04.2017	25.04.2017
Fedje	2015	21.03.2017	02.05.2017	23.05.2017
Modalen	2015	18.04.2017	30.05.2017	20.06.2017

Vi ber om tilbakemelding frå kommunen om tidspunktet høver, eventuelt at de kjem med forslag om ny dato innan 19.12.2016. Ta kontakt med Fredrik Arnesen, telefon 55 57 23 69 / 958 00 735 eller e-post: fredrik.arnesen@fylkesmannen.no.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

¹ Avvikande frist for innsending av dokumentasjon grunna seint varsel.